



NORGES LÆRERHØGSKOLE 50 ÅR

Den yngste av delinstitusjonane ved Universitetet i Trondheim, Noregs lærarhøgskole har runda sitt første halve sekel. Den 2. oktober skal 50-års jubileet høgtidast.

Det er store forandringar Noregs lærarhøgskole har gjennomgått i desse 50 åra, og det er lett å slå fast at skolen i dag er noko anna enn det som var tanken med han frå førstest. Frå å vera ein fri lærarhøgskole som hadde i oppgåve å gje tilleggsutdanning til lærarar i folkeskolen, har Noregs lærarhøgskole vorti del av eit universitet med kompetansegejvande undervisningsoppgåver. Og frå ein smålåten start og liten vekst dei første 30—40 åra, har lærarhøgskolen det siste ti-året auka sitt studenttal til bortimot 2500, det faste vitenskaplege og administrative personalet er til saman på nærare 350, og undervisningstilbodet femner ei lang rad fag innanfor humaniora og dei matematisk-naturvitenskaplege faga.

I dette vedlegget til Nytt frå Universitetet i Trondheim har vi valt å markera 50-års jubileet med to artiklar. Den eine er eitattersyn på dei første 35 åra i Lærarhøgskolens historie. «Lade-tida» som ein kan kalle denne perioden av di skolen i desse åra og heilt fram til 1960 heldt til på gamle Lade gard. Artikkelen er skreven av professor Sigurd Nørstebø, den av lærarane i dag som lengst har vori knytt til Noregs lærarhøgskole.

Den andre artikkelen, som er av professor Torstein Harbo, gjev eit oversyn over den skoleforskninga som no er i gang ved Universitetet i Trondheim. Skoleforskning er eit av dei tverrfaglege forskingsprosjekt som Universitetet har prioritert, og som det har vori naturleg å leggja til Noregs lærarhøgskole.

Med desse to artiklane er såleis to sider ved Noregs lærarhøgskole dregne fram: arven frå «Lade-tida», og eit av dagens forskingsfelt.

NOREGS LÆRERHØGSKOLE 1922—57

AV SIGURD NØRSTEBØ

Den 1. juni 1922 vedtok Stortinget at det skulle skipast ein lærarhøgskole i Noreg, og at han skulle halde til i hovudbygningen på Lade gard som Trondheim by hadde stelt til rådvelde for han i 10 år.

Til å byrja med fekk skolen tre vitenskaplege stillingar, eit professorat i pedagogikk og dessutan eit professorat og eit dosentur i faga norsk og historie. Da stillingane hadde vorte utlyste, og sokjarane granska av sakkunnige, utnemnde regjeringa overlærer Søren Nordeide til professor i pedagogikk, universitetsstipendiat dr. Ragnvald Iversen til professor i norsk og overlærer Arne Bergsgård til dosent i historie. Men det vart sagt greitt ifrå at dosenturet skulle gjerast om til eit professorat så snart innehavaren hadde skaffa seg dei naudsynlege kvalifikasjonar. Professor Nordeide vart den første rektoren ved Noregs lærarhøgskole.

Høgskolen skulle elles gje undervisning i dei fleste teoretiske fag i folkeskolen, ved hjelp av prestar i domkyrkjebyen, eller ved menn tilsette ved Norges tekniske høgskole og ved Museet. Men det var meininga at Lærarhøgskolen etter kvart skulle få sjølvstendige lærarstillingar i alle teoretiske læremne i den norske

folkeskolen. Ein merkjer seg at den nye høgskolen i hog grad var avhengig av hjelpemda og godviljen til dei andre vitenskaplege institusjonane i Trondheim.

Hogskolekurset skulle vara eitt år, frå 1. september til 30. mai med ein månad juleferie. Ved skolen skulle det vera eitt obligatorisk fag, pedagogikk, det var ei minning om at institusjonen ein gong var tenkt som ein pedagogisk høgskole. Men elles var studiet heilt fritt, studentane kunne følgje undervisninga i så mange fag dei ville, og det vart ikkje halde nokon eksamen. Dei som ønskte det, kunne få eit vitnemål frå skolen om kva fag dei hadde arbeidd med, og kva forelesningar dei hadde folgt, men korkje studiet eller vitnemålet gav nokon viss kompetanse. Det var naturleg, stod det i ei av innstillingane om høgskolen, at dei som gjorde framgang i studiet og seinare viste meir enn vanleg dugleik i yrket, rykte opp og fekk hogare stillingar i skoleverket. Så har da også skjedd. Men meininga har nok vore at storparten av dei som gjekk eit år på Lade, skulle vende attende til postane sine og gjera ein innsats der. Dette samstava da og med eit syn som ofte kom fram, at kurset på Lærarhøgskolen var eit tillegg til den 3-årige lærarskolen. Elles



Hovudbygninga på Lade der Noregs lærarhøgskole heldt til fram til 1960 da skolen flytta over i nye lokale på Rosenborg.

vart det streka under at skolen måtte få mest mogleg frie hender til å prove seg fram, han fekk da heller ikkje nokon lov. Slik var i hovuddraga den lærarhøgskolen som Noreg fekk i 1922.

Det var eit rudiment av ein høgskole. Han skulle vera ein vitenskapleg institusjon, det går fram av sjolve namnet, men kurset var så stutt at det knapt gav ei innføring i vitenskapleg metode i litt kravstore fag. Det var vidare ein høgskole utan dei eksamenar og gradar som ein vitenskapleg institusjon til vanleg har. Skolen skulle gje tilleggsutdanning til folkeskolelærarar med 3-årig utdanning og særleg til slike som arbeidde i landsfolkeskolen. Men det var ein foresetnad at institusjon skulle byggjast ut så han kunne ta på seg andre og meir vidtgående oppgåver. Det vart mellom anna lova at kurset skulle bli 2-årig, så snart det let seg gjera.

Det ser likevel ut til at opplegget svara til dei lærarane i folkeskolen ønskte seg, for søkinga var god. Men trass i det, var stillinga hans utrygg. For skolen kom i gang i depresjonstida etter den første verdskrigen, da skolebudsjettet laut skjerast ned, og nedskjeringa råka først dei tiltaka som hadde kome i gang sist. Lærarhøgskolen var yttarleg varsam med å reise krav, og gleid derfor nokså smertefritt gjennom budsjettroftingane. Det var elles ikkje stort anna å skjera ned på enn lønnsbudsjettet, og det kvitte ein seg i det lengste for å kutte.

Det første åtakket på Lærarhøgskolen kom i åra 1931 og 1932, da formannen for skolenemnda i Stortinget kom med framlegg som i realiteten gjekk ut på at Lærarhøgskolen skulle leggjast ned, fordi lærarskolen hadde vorte 4-årig. Båe gonger vart framlegget vraka, men med eit snautt fleirtal.

I 1936 var skolen atter inne i ein krise, for di studenttalet gjekk ned. Og kva verre var, det tok lang tid for skolen atter kom ut av baredalen.

Våren 1936 vart rektor Nordeide sjuk og slutta ved skolen. Professor Iversen hadde rektoratet ei stuttare tid, og så tok professor Bergsgård over.

Den nye rektoren var klår over kor kritisk stillinga var, og han gjekk energisk og målmedvete inn for å betre ho. Mellom anna gjorde han framlegg om at alle som skulle ta over ei styrarstilling i folkeskolen, skulle ha gått eit år på Lade. Bergsgård la og fram ein plan om å samle alle spesiallærarskolane ved Lærarhøgskolen. I 1939 fekk Lærarhøgskolen si engelskline, institusjonen hadde med det meldt seg på marknaden med eit tilbod om spesialutdanning.

Ei anna påtrengjande oppgåve var å skaffe Lærarhøgskolen hovelege og sjolveigande hus. Bergsgård tok opp tingingar med Trondheim kommune som gav tomt, og samtidig noko som ikkje er vanleg, pengar til arkitektteivling. I 1939 kunne skolen sende departementet soknad om nybygg, saman med teikningar og kostnadsoverslag.

Dette energiske og målmedvitne arbeidet bar frukter. I 1938 fekk Lærarhøgskolen eit hogskolestipendium i pedagogikk, 1939 eit lektorat i engelsk og 5. april 1940 eit dosentur i pedagogikk. Dessutan hadde departementet byrja å granske

soknaden om nybygg, og rektor hadde fått varsel om at saka kom til å bli teken opp i nær framtid.

Krigen i 1940 sette stenge for vidare utbygging, og i okkupasjonstida låg skolen nede. Det var vanskeleg å få han i gang att hausten 1945, det skjedde først eit år seinare. Dette opphaldet på 6 år var ikkje heldig for skolen, han kom noko i bakgrunnen for andre viktige atterreisingsoppgåver.

I okkupasjonstida hadde rektor Bergsgård arbeidd vidare med planane for ei samling av spesiallærarskolane og institusjonane for pedagogisk forskning og utdanning i ein sentralinstitusjon som etter hans syn måtte ligge i Oslo. No la han fram planane sine.

Det vart eit livleg ordsifte om dei, men inga semje om opplegget eller skolestaden. Saka kom i ei anna stilling da Samordningsnemnda for skoleverket i hovudsaka slutta seg til Bergsgårds plan, rett nok med somme viktige utvidingar og endringar. Denne planen vart godteken av mange sakkunnige instansar, det var derfor grunn til å tru at han kom til å gå igjenom i regjeringa og Stortinget. Til så lenge skulle Lærarhøgskolen halde fram som for.

Det viste seg snart at den stillinga han no var komen i, ikkje var særleg heldig. Når skolen skulle flyttast til Oslo, kunne ein ikkje vente at det vart bygt hovelege hus for han i Trondheim, eller at det vart oppretta nye stillingar. Det var sagt greitt ifrå at når samanslåinga var eit faktum, skulle lærarkreftene omgrupperast, og at ei utviding av dei gamle institusjonane no ville hemje eller hindre nyorganiseringa i Oslo. Dette var ikkje gledelege framtidsperspektiv, for etter det som var sagt kunne det gå 10—15 år for det kunne koma på tale å flytta til Oslo.

Det som berga Lærarhøgskolen for Trondheim og det nordafjellske Noreg, var eit interpellasjonsordskifte i Stortinget 6. desember 1952. Stortingsrepresentanten frå Sor-Trøndelag, lærar Johs. Wigum, spurde statsråd Lars Moen om noko kom til å bli gjort for å få Lærarhøgskolen ut av det provisoriet han lenge hadde vore i, og gje han det romet i skoleverket som var tiltenkt han. Det ordskiftet som følgde gjorde det heilt klårt at Stortinget ikkje var stemt for å flytta skolen frå Trøndelag. Etter framlegg frå ein annan tronderrepresentant, Per Almaas, vedtok Stortinget å be Kyrkje- og undervisningsdepartementet leggje fram ein utbyggingsplan for Lærarhøgskolen, med tanke på at han skulle bli verande i Trondheim.

Stortinget hadde bede Kyrkje- og undervisningsdepartementet gjera greie for kva oppgåver det meinte at Lærarhøgskolen skulle få i framtida, og ein venta på eit utspel frå departementet si side.

Det handla raskt i denne saka. Alt i juni 1953 låg «Melding om tiltak til styrking av skoleverket» fore i manuskript, og der vart det mellom anna gjort greie for kva framtidsoppgåver Lærarhøgskolen skulle få. Han skulle først og fremst utdanne lærarar for ungdomsskolen, det vil seia for framhaldsskolen, folkehøgskolen og realskolen, anten ved å gje lærarar tilleggsutdanning, eller ved å leggja opp nye liner på examen artiums grunnlag. Dette skulle frå no av vera hovudoppgåva hans, men han var ikkje med det friteken for dei han opphavleg hadde fått.

Det nye var at Lærarhøgskolen først og fremst skulle tene ungdomsskolen, som snart var ein del av grunnskolen. Vi kan seia det slik at departementet overførte Lærarhøgskolen til eit avsnitt i skolefronten der presset var særleg stort, og der det derfor var bruk for han heilt ut.

Lærarhøgskolen var korkje ukjend eller uprovd med dei oppgåvene som no vart lagde på han. Alt frå starten tok han opp lærarar frå framhaldsskolen og folkehøgskolen og let dei gå på det vanlege kurset for folkeskolelærarane. Men i 1950 — tre år

for det vart avgjort at Lærarhøgskolen skulle bli verande i Trondheim og utdanne ungdomsskolelærarar — bad departementet han å setja i gang eit 2-årig sommarkurs for lærarar i framhaldsskolen. Dei studieplanane som galdt ved Lærarhøgskolen vart lagde til grunn for studiet, det var høve til å samle studiet om eitt fag eller ei faggruppe, det var valfritt om ein ville ta eksamen. I tida 1950—55 vart det halde tre slike 2-årige sommarkurs, og tendensen gjekk i den lei at stadig fleire tok eksamen — altså mot spesialisering og mot kontroll av studiet. I 1956 bad departementet om å få to sommarkurs for lærarar i realskolen i norsk og engelsk; det hadde ein hatt for og, men det nye var at ein no skulle følge studieplanane ved Universitetet i Oslo og halde heilt ut identisk eksamen. Frå hausten 1958 vart det gjeve grunnfags- og mellomfagsundervisning og halde tilsvarende eksamenar ved Lærarhøgskolen.

I stortingsmelding nr. 9 varsla departementet om at det ville ta opp tingingar med Trondheim kommune om tomt til Lærarhøgskolen, og ved eit makeskifte i 1954 fekk skolen ei tomt på Rosenborg i staden for det arealet han lova bort på Lade i 1922. To år seinare var arkitekttevlinga unnagjord, og ei byggenemnd oppnemnd. I 1960 sto nybygget reist, og det vart teke i bruk same året. Bygget skulle gje rom til 300—400 studen-
tar. Dette studenttalet vart nådd att første året — eit vitnemål om kor fort skolen voks.

I 1953 fekk Lærarhøgskolen eit dosentur i norron litteratur som han byrja søkje om for 30 år sidan. Det vart i 1958 omgjort til eit professorat. Same året fekk skolen professorar i zoologi og botanikk, seinare kom vitskaplege stillingar i engelsk, tysk, psykologi og filosofi og ei rekkje lektorat i ymse fag. Det er ikkje rom til å nemne alle i ein stutt artikkel, eller namna på dei som fekk stillingane, ein må her vise til årsmeldingane frå Lærarhøgskolen. Den same kjelda må ein vise til når det gjeld

namna på dei som har vore med i styret for Lærarhøgskolen sidan 1953.

I saga til Noregs lærarhøgskole fell tidsrommet 1922/57 i to bolkar. Den første går fra 1922—52/53. Økonomisk sett var det vanskelege tider; Lærarhøgskolen var ikkje utbygd slik som det var tenkt, men laut leva i kummerlege ytre kår. Enda skolen hadde god sokning, var det to gonger, i 1931 og 1932, oppe framlegg i Stortinget om å leggja han ned på grunn av fattigdomen i landet. Nokre år seinare svikta sokninga, og da var det atter tale om å leggje ned skolen.

Når Lærarhøgskolen trass i alt overlevde krisene, var det fordi lærarane i somme delar av landet slutte opp om han, fordi lærarsamskipnadene stodde han, og fordi dei som var knytte til han, anten fast eller på andre vilkår, vart ståande på post under krisene. Enda dei lett kunne berga seg over i sikrare og meir attråverdige stillingar.

Rektor Nordeide slutta i 1936; han hadde vore eit samlingsmerke for norske lærarar sidan Lærarhøgskolen kom i gang. Professorane Bergsgård og Iversen vart verande. Bergsgård var rektor det meste av tida; det var han som representerte skolen utetter; la fram planar og fremja krav. Men samarbeidet mellom dei to mennene var så intenst at dei bør nemnast saman. Det var i stor mon dei som med sin autoritet og prestisje bar Lærarhøgskolen gjennom vanskanene.

Den andre bolken byrja med stortingsvedtaket i 1952, og det som dette drog etter seg: Eigne hus, utviding av lærarstaben, ei ny oppgåve som gav skolen ei sikker stilling i skoleverket, og som ei folgte av det stor tilstroyming av studentar.

Alt i 1953 var det klart at utviklinga gjekk i retning av eit trondsk universitet. Dette vart enda klårare da Birger Bergersen hausten 1953 vart statsråd for Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

SKOLEFORSKNING

AV TORSTEIN HARBO

«Skoleforskning» er et ord av ny dato. Det er et laget ord. Det må innrommes at det, i likhet med flere andre moderne ordkonstruksjoner, har en tendens til å vekke oppmerksomhet og forhåpninger ene og alene fordi det er nytt og ukjent. Ordet «skoleforskning» inneholder imidlertid kjente elementer: «skole» og «forskning». Til dem begge knytter det seg en lang rekke assosiasjoner. Det må nok også her innrommes at ikke alle er begrepsmessig klare, og at emosjoner med positivt eller negativt fortegn lett knytter seg til.

Vi skal her prøve å avsløre hvilken mening som hos oss er lagt i ordet «skoleforskning» og hvilken form for aktivitet som i løpet av de siste år er vokst fram under dette banner.

UTVIKLING OG STATUS

Hosten 1966 satte Norges almenvitenskapelige forskningsråd ned et utvalg til å kartlegge forskningens forhold til skole og undervisning. Utvalget skulle, ifølge mandatet, utrede:

1. Behovet for forskning og utviklingsarbeid i forbindelse med virksomheten i norsk skole.
2. Et ønskelig arbeidsprogram for forskning på dette område på noe lengre sikt.
3. En hensiktsmessig utnyttning av bestående og eventuelle nye institusjoner ved gjennomføringen av et slikt program.
4. Behovet for offentlige midler for gjennomføringen av programmet.

Ett år etter forelå innstillingen «Utbyggingen av norsk skoleforskning», og 25. januar 1968 sluttet Norges almenvitenskapelige forskningsråd seg til innstillingens rekom-

mandasjoner. Departementet og Stortinget fulgte etter. For budsjettåret 1970 forte Kirke- og undervisningsdepartementet opp et eget kapittel for Skoleforskning, kap. 383; beløp 1 mill. kroner. Kirke- og undervisningskomitéen uttalte seg meget positivt. Komitéen har, heter det i innstillingen, «med tilfredshet merket seg det nye kap. for skoleforskning og regner med en sterk innsats på dette felt framover». (S.meld. nr. 12, 1969/70, kap. 383).

Da det hosten 1969 ble kjent at det i det følgende budsjettår rimeligvis ville være ekstra midler disponible for skoleforskning, ble det fra Norges lærerhøgskole sendt inn et ti-tall søknader. Bare to slo igjennom. For ialt var det kommet inn 60 søknader om bevilgning til et samlet beløp på omlag 2,7 mill. kroner.

I NAVF's innstilling om utbyggingen av norsk skoleforskning hadde det imidlertid blitt fremhevet som ønskelig at det vokste fram «sentra for skoleforskning ved alle våre tre største universiteter, i Oslo, Bergen og Trondheim» — og eventuelt i Tromsø — og at Lærarhøgskolen i den sammenheng dannet «et naturlig utgangspunkt for utbygging av et forskningsmiljø ved det kommende universitet i Trondheim». (s. 24, jfr. s. 35). I departementets foredrag for Stortinget ble dette punkt i innstillingen tydelig gjengitt: «Etter utvalet si mening er det foresetnaden at universiteta skal ha egne sentra for skoleforskning med stor fagleg breidde, og at dei skal kunne ta på seg oppdragsfinansiert utgreiingsarbeid». (St.prp. nr. 1, 1969/70, kap. 383.) Hvordan bevilgningen skulle fordeles og forskningstiltakene administreres tok imidlertid ikke departementet stilling til. Man antok at virksomheten måtte bygges opp etter hvert.

Det synspunkt at det ved universitetene burde etableres sentra for skoleforskning, og at Lærarhøgskolen i den forbindelse hadde en spesiell forpliktelse, forte i Trondheim til at det vinteren 1970/71 ble dannet en uformell «tenkegruppe» for skoleforskning. Gruppen ble ledet av Lærarhøgskolens rektor, professor Haakon Olsen. Ved vedtak i Interimstyret 1. desember 1971 ble denne «tenkegruppe» noe fastere etablert. Men enda bare som et